

Rutine - søknad om ekstraordinært tilskot for lærlingar, praksisbrevkandidatar og lære kandidatatar i Vestland fylkeskommune

Formål

Tilskotsordninga skal stimulere lærebedrifter til å gje lærlingar, praksisbrevkandidatar og lære kandidatatar (heretter lærling) med særskilte behov mogelegheit å oppnå ei fagutdanning eller delar av ei fagutdanning.

Mål med tilskotsordninga skal vera å bidra til å finansiere kostnader lærebedrifta har knytt til opplæring av lærlingar med særskilte behov og/eller med svake norskferdigheiter.

Omfang

Rutina gjeld for avdeling opplæring og kompetanse, rettleiingstenesta (RLT) og lærebedrifter.

Målgruppe

Lærebedrifter som har lærlingar med ungdomsrett i Vestland fylkeskommune med særskilte behov og/eller med svake norskferdigheiter.

Økonomisk ramme

Lærebedriftene kan få inntil 5 timer i veka med timesats 350 kr.

Søknad gjelder for eit år om gangen, inntil 47 veker. VLFK har satt ei ramme for tilskot kvart kvartal, dersom tal søknader overstig ramma, kan timesats verte noko lågare.

Gjennomføring

| Kva | Korleis | Når | Ansvar |
|---|--|---|-------------------------------------|
| Søknad om ekstraordinært tilskot | Digitale søknadsskjema, lærling signerer søknaden med Min ID. https://skjema.vlfk.no/opplaering/elev/ekstraordinart_tilskudd | Når lærebedrift treng midlar for å gi tilfredsstillande opplæring. VLFK fire i året 1.mars 1.juni 1.september 1.desember | Lærling i samarbeid med lærebedrift |
| Utarbeid tildelingsbrev | Rettleiingstenesta kontaktar lærling og lærebedrift for samhandling, før utarbeiding av tildelingsbrev. | Etter fordeling | RLT |
| Tildelingsbrev vert sendt til bedrift med kopi til lærling. | Sender tildelingsbrev via ephorte, elevmappa. Skriftleg tilråding av økonomiske rammer. | Når det er godkjent av leiar | RLT |
| Refusjonskrav | Efaktura | 1.April | RLT |

| | | | |
|--------------|---|---------------------------------|---------|
| | https://www.vestlandfylke.no/om-oss/sendefaktura-til-vestland/ | 1.Juli 1.Oktober 1.Januar | |
| Oppfølging | Bedriftsbesøk | Etter behov | RLT |
| Sluttrapport | Lærebedrift sender sluttrapport til RLT. | Årleg og ved endt læretid | Bedrift |

Dersom det er behov for tilskot utover eitt år for same lærling sendast ny søknad. Her skal det leggjast ved årsrapport frå førre tilskotsperiode, som viser korleis midlane vart nytta.

Dersom føresetnadane for å få tilskot ikkje er oppfylt, kan fylkeskommunen halde tilbake tilskot. Ved feil i utrekninga, kan fylkeskommunen krevje at for mykje utbetalt tilskot vert tilbakebetalt.

Ved brot i lærekontrakt, skal tilskotsmidlar tilbakebetalast Vestland fylkeskommunen.

Tilsagnet kan klagast på til Vestland fylkeskommune.